

05.10.2016

Positivt møte om vegetasjonsrydjing.



Tore Eik gav god og nyttig informasjon med tanke på å koma i gong med rydjeprosjekt.

I underkant av 20 møtte opp på det opne møtet i Uskedal Utvikling i kveld der Vegetasjon og attgroing var tema. Tore Eik fra landbrukskontoret var med på møtet og han orienterte om aktuelle tilskotsordningar, og muligheter for å nytta dei, i samband med rydjeprosjekt.

I tillegg til Tore Eik, hadde også leiaren i Uskedal Bondelag, Hans Reidar Kjærland ordet, og han gav uttrykk for at bondelaget var positive til felles rydjeprosjekt. Jan Henrik Hansen fortalte om rydgearbeid han hadde vore aktiv i, i Skårhaug og ved båthamna/kyrkjegarden.

Av spesielle prosjekt var det hovudfokus på muligheter for rydjing langs nedre del av elva der det er svært tilgrodd. Fleire av grunneigarane var til stades, og dei var positive til å ta eit felles tak. Tore Eik sa at det var mogeleg å søkja SMIL-midlar til eit slikt prosjekt. Han rådde til å brukha god tid på søknaden for å avklara omsynet til fiskeinteressene, NVE når det gjeld elveførebygginga og eventuelle andre omsyn. Han gav i den samanheng ein rapport som Rådgjevande biologar har utarbeidd om Uskedalselva.

Etter møtet samlast dei grunneigarane som var til stades, for å ha eit første førebuande møte om eit felles prosjekt for nedre del av Uskedalselva opp til Lislerud, eventuelt til Djupenhølen. Med på møtet var også leiari i Uskedal utvikling, Kristian Bringedal, og leiari i Uskedal bondelag, Hans R. Kjærland. I tillegg til grunneigarane, UU og bondelaget ønskjer dei også at elveeigarlaget skal vera representert i arbeidsgruppa.



Første møte i ei arbeidsgruppe. Elin Enes(f.v.), Kristian Bringedal(UU), Svein Sjo, Janet Sjo, Hans Reidar Kjærland(Uskedal Bondelag) og Geir Enes.

På møtet vart det også etterspurt om rydjing langs vegane som eit nødvendig trafikksikringstiltak. Her vart særleg Skulebru og Storebru nemnt som to stader der vegetasjonen gjer at det er farleg når sikt. Uskedal Utvikling har teke kontakt med vegvesenet om dette tidlegare. Det resulterte at det vart gjort minimalt ved Skulebru og ingenting ved Storebru på Haugland. Dette må følgjast opp! Også andre trafikkpunkt langs hovudvegen vart nemnd.

Elles vart det tatt opp at tilgroing fleire stader er i ferd med å ta overhand slik at det øydelegg den utsikten mange stader. Her vart den vakre utsikten fra Korsnes ut fjorden nemnt. Den er i ferd med å gå tapt for mange. I slike samanhengar har grunneigarane eit ansvar for rydjing, og frå ein grunneigar på møtet vart det sagt at det var endeleg folk som var interessert i å hogga ved om dei slapp til. Det kan vera ei god løysing for eldre og for grunneigarar som ikkje bur her. Problemet med forringa utsikt vil ein koma tilbake til.

Konklusjonen er at det var eit positivt møte, og vi gjekk heim med ei kjensle av at det vil resultera i noko.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland